

Servicesenteret for departementa
Postboks 8129 Dep
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref
200800018-/AME

Dato
27. februar 2008

STATSBUDSJETTET 2008 – KAP. 1522/4522 SERVICESENTERET FOR DEPARTEMENTA - TILDELINGSBREV

Det vert vist til Stortinget si behandling av St. prp. nr. 1 (2007-2008), jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene for Servicesenteret for departementa (DSS) i 2008 og fastlegg prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

1.1 Budsjettrammer

1.1.1 Rammer

Utgifter:

DSS er tildelt **436,247 mill. kroner** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

Kap. 1522 Servicesenteret for departementa

Post	Namn	(i 1000 kr) Budsjett 2008
01	Driftsutgifter	318 840
22	Fellesutgifter for R-kvartalet	77 119
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	40 288
	Sum kap. 1522	436 247

Postadresse
Postboks 8004 Dep
N-0030 OSLO

Kontoradresse
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 785

Avdelingens navn
Statsforvaltningsavdelingen
Telefaks
22 24 95 17

Saksbehandler
Anita J. Melkevik
22 24 46 26

Inntekter

Det er føresett at **DSS** skal føre til inntekt **135,584 mill. kroner** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

Kap. 4522 Servicesenteret for departementa

		<i>(i 1000 kr)</i>
Post	Namn	Budsjett 2008
02	Diverse inntekter	2 469
06	Brukarfinansierte tenester	131 701
07	Parkeringsinntekter	1 414
Sum kap. 4522		135 584

1.1.2 Føresetnader for løyvingane

Frå 1.01.2008 er E-handelssekretariatet overført til det nyoppretta Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI).

Løyvinga på post 45 er auka med totalt kr 23,3 mill kroner, der 14, 3 mill kroner er øyremerka ny telefonsentral og 9 mill kroner nytt sikringsanlegg i R-kvartalet.

1.1.3 Endringar i utgifter/inntekter

Uventa utgifter eller bortfall av inntekter i løpet av året, skal normalt dekkjast ved omdisponeringar innan den økonomiske ramma. Om det ikkje er mogleg, skal saka straks leggjast fram for departementet. Framlegg om justeringar skal omfatte:

- Grunngeving for framlegg om endring av inntekter eller utgifter
- Grunnlag for løyvingsforslaget og vurdering av usikre moment knytt til framlegget
- Informasjon om tiltak som er gjennomført for å avgrense auken i utgifter/reduksjon av inntekter
- Framlegg til å dekke inn auken i utgifter/reduksjon av inntekter

1.2 Fullmakter

I samsvar med retningslinene i økonomiregelverket gir departementet i tildelingsbrevet eit oversyn over økonomiske og administrative fullmakter som vert delegerte til verksemda. Fullmakter som er direkte relaterte til St.prp. nr. 1 "Gul Bok" for terminen 2008 vert omtala i sjølve tildelingsbrevet, mens andre økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg til tildelingsbrevet.

1.2.1 Delegering av fullmakter

FAD delegerer følgjande fullmakter til DSS i 2008:

- Fullmakt til å overskride løyvinga under kap.1522 post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap.4522 postane 02 og 06, jf. romartalsvedtak II i St.prp. nr.1 (2007-2008).

2. MÅL OG RESULTATKRAV

2.1 Mål

DSS skal medverke til å oppfylle overordna mål for fellestenester og administrasjon som er:

- meir effektiv ressursbruk
- betre kvalitet på støttefunksjonar

DSS leverer eit mangfald av interne tenester til departementa og Statsministerens kontor og skal vere eit kompetent og effektivt verkty. Verksemda skal sørgje for fellestenester som er i samsvar med det som trengst. Forholdet mellom departementa og DSS er regulert i tenesteavtalar med tilhøyrande omtale som syner tenesteinnhald og servicenivå.

DSS skal ha eit fagmiljø på tenesteområda som er oppteke av både kostnader og kvalitet. Det er viktig å ha fokus på vidareutvikling av tenestene som verksemda omfattar. Dette er særskild viktig i den pågåande prosessen med samling av IKT-tenester. DSS har òg ei viktig oppgåve i å ta hand om felles infrastruktur for departementa som heilskap.

DSS skal innanfor gjeldande fullmakter og økonomiske rammer prioritere følgjande: føre vidare prosessen med å

- styrkje brukarorienteringa og kvalitetsutviklinga på alle område, mellom anna halde fram med referansemålingar av tenestene og brukarundersøkingar
- fase systema til departementa inn i eit nytt sentralt driftsmiljø

yte fellestenester med vekt på å

- levere vakthald og tryggleikstenester som er i samsvar med gjeldande trusselvurdering, medrekna IKT-tryggleik.
- levere IKT-tenester av høg kvalitet, mellom anna basert på fleire standardiserte prosessar
- levere økonomitenester av høg kvalitet, mellom anna basert på effektive støttesystem og auka elektronisk samhandling
- vidareutvikle regjeringa.no.

styrkje dei infrastrukturelle anlegga i Regjeringskvartalet gjennom å

- skaffe ny telefonsentral og nytt sikringsanlegg.

Det er viktig med god kommunikasjon med brukarane. DSS skal opplevast som ein profesjonell samarbeids- og utviklingsorientert partner. Ein viktig føresetnad er at DSS i utviklingsprosjekta sine legg til rette for ein reell brukarmedverknad gjennom Brukarrådet, ulike fora og prosjektgrupper. Brukarrådet er eit rådgjevande organ for FAD i styringa av DSS. Departementa deltar aktivt i Brukarrådet for at DSS skal levere fellestenester som er i samsvar med behov og krav til kvalitet.

I løpet av 2008 vil det verte tatt stilling til finansieringsmodellen for budsjettåra 2009-2011. Ordningar med brukarbetaling må vera enkle å administrere, samstundes som grunnlaget for dei må vere tydelege for departementa og brukarane.

2.2 Resultatkrav og indikatorar

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2007-2008), Stortinget sitt vedtak om løyvingar og fullmakter, samt hovudmål og prioriteringar gitt i dette tildelingsbrevet, stiller FAD følgjande resultatkrav til DSS:

2.2.1 Resultatkrav og indikatorar som gjeld tenesteområda

Resultatkrav	Indikatorar
Brukarorientering og kvalitetsutvikling	
DSS skal evaluere eksisterande opplegg for brukarundersøkingar.	Evalueringa skal oversendast FAD innan 01.07.2008.
DSS skal evaluere eksisterande opplegg for referansemålingar av tenester.	Evalueringa skal oversendast FAD innan 01.07.2008.
DSS skal organisere kontaktflata mot departementa betre og innføra ein ny struktur for brukarfora.	Den nye strukturen skal vere på plass i løpet av fyrste halvår, og DSS skal levere ein statusrapport til FAD innan 01.10.2008.
IKT	
DSS skal gjennomføre IKT-prosjektet som omfattar å fase IKT-systema til departementa inn i eit nytt sentralt driftsmiljø, i samsvar med prosjektplanane og budsjettramma. Under dette høyrer arbeid med å leggje fast IKT- arkitekturen.	Departementa skal fasast inn i 2008. DSS skal melde frå til FAD om all endringsrisiko. Det gjeld særskilt forhold knytte til framdrift og økonomi. Arkitekturen til det nye sentrale driftsmiljøet skal dokumenterast.
DSS skal levere IKT-tenester til departementa i samsvar med tenesteavtalane. DSS skal samstundes syte for at trong for kontinuerleg utvikling på IKT-området vert ivareteken.	Det skal finnast kvartalsvise rapporter om avvik på IKT-området. DSS skal ta initiativ til og dokumentere naudsynt systemutvikling og trong for standardisering.
DSS skal vurdere trong for ein eigen strategi for sine basistjenester innan IKT-området.	DSS skal kome med si vurdering i løpet av 2008, slik at ein kan arbeide vidare med dette når plattformprosjektet vert avslutta.
DSS skal skaffe ein ny telefonsentral.	Framskaffinga skal gå føre seg i 2008. Installasjonen skal skje så snart som mogeleg og primært vere fullført innan utgangen av året.
Sikring og trygging	
I samarbeid med FAD skal fastsette trygging- og sikringsnivå verte etablerte, og DSS skal halde det oppe utan avbrot. DSS skal saman med FAD klarleggje ressursbehov for ulike vernebuingsstrinn og kva oppgåver som ein må prioritere.	DSS skal avvikle tenesteavtalar på trygging- og sikringsområdet for å erstatte dei med ei ny fellesavtale for basis sikringstenester som er betre tilpassa dagens trusselnivå og tryggingssobjekta.

Resultatkrav	Indikatorar
DSS skal samarbeide med FAD for å harmonisere planverk og rutinar. I dette arbeidet skal ein syte for ei god tilpassing til eksterne fagmiljø.	Framlegg til rutinar skal oversendast FAD innan utgangen av 2008.
DSS skal skaffe nytt sikringsanlegg og involvere FAD der det er nødvendig. I samanheng med implementering av eit nytt sikringsanlegg må DSS vurdere konsekvensane for den eksisterande vaktentralen.	Det skal rapporterast på avvik i forhold til oppsett milepælsplan, jf. planane for prosjektet som har vorte vedtekne av styringsgruppa.
Kontortenester	
DSS skal skaffe ny løysing for elektronisk arkiv og sakshandsaming. Kravspesifikasjonen skal utarbeidast i samarbeid med departementa.	DSS skal inngå avtale om eitt nytt system for elektronisk sakshandsaming til bruk i departementa hausten 2008.
DSS skal tilby departementa elektronisk sakshandsaming av reiserekningar.	DSS skal i samråd med Kundeforum leggje fram forslag til alternative løysingar for Administrasjonsforum og Brukarrådet innan 01.10.2008.
Forvaltning av informasjon	
DSS skal drifte portalen, regjeringa.no, og følgje opp den nye løysinga i samråd med departementa.	Vidareutvikling av løysinga skal vere i tråd med vedteke strategi. Det skal lagast statistikk som synleggjer bruken av portalen.
DSS skal gjera relevante elektroniske teneste tilgjengelege på regjeringa.no.	DSS skal etablere ein statistikkfunksjon for høyringar på regjeringa.no, samt ein tilleggsfunksjon som gjer det mogeleg å abonnere på nye saker.
DSS skal utvikle ei plattformuavhengig versjon av staten si elektroniske reiserekning.	Prosjektet skal gå føre i samråd med FAD, og den nye versjonen skal vere klar til bruk seinast hausten 2008.

2.2.2 Administrative krav

I 2007 vart det gjennomført ei evaluering av intern styring og internkontroll i DSS. I 2008 skal DSS følgje opp anbefalingar i sluttrapporten. Det inneber at DSS skal:

- Forbetre internkontrollen på innkjøpsområde. FAD legg til grunn at DSS i 2008 har kompetanse, samt etablerte rutinar og støttesystem, som sikrar at DSS følgjer regelverket for offentlege innkjøp. Under dette skal nemnast bruken av innkjøpsprotokoll, samt val av og grunngjeving for innkjøpsprosedyre.
- Gjennomføre ei overordna risikovurdering av heile IKT-området, der både drift og prosjekter er inkludert.
- DSS skal med ei systematisk tilnærming vidareutvikle arbeidet med risikostyring, og FAD viser til metodedokument laga av SSØ. DSS bør utarbeide ein plan for korleis risikostyring skal verte integrert i budsjett- og VP-prosessane. Det gjeld både gjennomføring og oppfølging. Planen bør òg omhandle forholdet mellom bruk av ROS-analysane og dei andre risikovurderingane i styringsprosessane, under dette korleis ROS-analyser skal integrerast i DSS' fullstendige risikostyring.
- FAD viser til retningslinjer for arbeid med statsbudsjettet og ber DSS leggje vekt på godt utredningsarbeid før budsjettsaker går vidare til FAD. DSS skal ha gode rutinar for samarbeid mellom stab og linje i denne type prosessar. DSS skal vurdere risikofaktorar som ressursar, kompetanse og samhandling mellom stab og linje.

Oppfølging av merknader frå Riksrevisjonen

FAD legg til grunn at DSS følgjer opp og gjennomfører tiltak i høve til merknader frå Riksrevisjonen. Dette gjeld spesielt forhold som er omtala i Riksrevisjonen sitt Dokument nr. 1 eller andre dokument, men omfattar også merknader i den årlege vurderinga av rekneskapen og eventuelle merknader elles i dialogen med Riksrevisjonen.

Ein legg vidare til grunn at DSS orienterer FAD om resultat og status i høve til oppfølginga av merknader frå Riksrevisjonen i års- og tertialrapporteringa.

I Riksrevisjonen sitt Dokument nr 1 (2007-2008) under avsnittet Fornying- og administrasjonsdepartementet står det mellom anna "DSS gjennomførte ikke stikkprøvekontroller for å sikre at etablerte systemer og rutiner fungerer som forutsatt." DSS skal ha ei forsvarleg internkontroll i verksemda. FAD legg til grunn at DSS i 2008 har kompetanse og etablerte rutinar som sikrar at DSS har effektive kontrollmekanismar på alle område.

På bakgrunn av forhold knytte til innkjøp og IKT-prosjektet i 2007, ynskjer departementet på nytt å drøfte trongen for ei intern revisjonseining. Dette vil verte tema i samanheng med etatsstyringsmøte i 2008.

2.2.3 Det statlege servicesenteret i Engerdal

DSS skal leggje til rette for ei stabil telefonteneste for brukarar av Det statlege servicesenteret i Engerdal. DSS skal hjelpe FAD å auke oppdragsmengda. Responstida skal ikkje avvike frå avtalt opetid i tenesteavtalene. Servicesenteret skal lage kvartalsvise rapportar om avvik m.m., og DSS skal gje fortløpande rapport om vesentlege avvik i drifta av senteret og endringar i oppgåvetilfanget. Det skal gjennomførast ei brukarundersøking i 2008.

2.2.4 Samarbeid med Statsbygg

Sikring av drifta i Regjeringskvartalet må til ei kvar tid vere fyllestgjerande. DSS og Statsbygg har på kvar sin måte ansvar for viktige driftsoppgåver og infrastruktur i Regjeringskvartalet. FAD vil at samarbeidet vert vidareutvikla og styrkt, slik at struktur og kvalitet vert betre. I den samanheng har FAD teke initiativ til ei gjennomgang av

elforsyningsområdet, og FAD føreset at nødvendige tiltak vert følgt opp. Det er svært viktig med gode drifts- og vedlikehaldsrutinar, og FAD legg til grunn at verksemdene har samarbeidsrutinar som dekkjer alle grensesnitt.

2.2.5 Særskilde strategiske utfordringar og satsingsområde

FAD ynskjer å vidareutvikle ei styring som er godt tilpassa DSS si rolle som leverandør av tenester til departementa, og tek omsyn til medverknad frå brukardepartementa. Det har vore fleire arbeidsgrupper i 2007. På bakgrunn av utfall frå desse skal det både setjast i gang og vidareførast arbeid for ytterlegare å styrkje etatsstyringa.

Hovudelementa vil vere å:

- førebu innføring av ein finansieringsmodell, dvs. prinsipp for brukarbetaling
- arbeide vidare med utvikling av indikatorar for måloppnåing og ressursinnsats
- vidareutvikle styringsdialogen mellom DSS og FAD.

Proessen med å kome fram til hovudprinsipp for finansiering og brukarbetaling er på gang. Det er ein føresetnad at DSS gir arbeidet høg prioritet. Med omsyn til innretning og tidspunkt for gjennomføring av arbeid med mål- og resultatstyring og styringsdialogen, skal det lagast ein plan for det vidare arbeidet med utgangspunkt i erfaringar frå 2007.

2.2.4 Risikostyring

Generelt

Ei god mål- og resultatstyring føreset at leiinga i verksemda kjenner til og aktivt handterer utfordringar eller usikkerheit som kan verke negativt på måloppnåinga.

Økonomiregelverket krev at alle verksemdar skal etablere intern kontroll tilpassa risiko og vesentlegheit, jf. pkt.2.4 i Bestemmelsene til Reglementet for økonomistyring i staten.

Krava føreset at den interne kontrollen skal vere innebygd i den interne styringa til verksemda, og formålet er å auke moglegheita for måloppnåing ved at risiko vert identifisert, og at risikoreduserande tiltak vert gjennomførte.

Følgjande kategoriar mål som verksemda skal oppfylle er:

- mål og resultatkrav i tildelingsbrevet
- påliteleg rekneskapsrapportering og økonomiforvaltning
- ivaretaking av sikring og vernebuing
- overhalde lover og reglar

Departementet understrekar at det er leiaren i verksemda sitt ansvar å sjå til at den interne kontrollen er tilpassa risiko og vesentlegheit, og at den fungerer på ein tilfredsstillande måte.

Departementet føreset at verksemda foretar risikovurderingar i alle viktige styringsprosessar. Vesentlege endringar i risikobiletet må meddelast departementet i den etablerte styringsdialogen, som i etatsstyringsmøte og resultatrapportar. Større endringar i risikobiletet, som inneber problem med måloppnåinga, skal rapporterast til departementet omgåande.

2.3 Fellesføringar

2.3.1 IKT-området

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemd må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

Statlege verksemder skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria (WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester. Verksemda skal nytte WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

2.3.2 Grøn stat - Miljøleiing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffelser. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Den einskilde statlege verksemda må syta for å følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet.

Vidareføring av miljøleiing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleiing er ei dynamisk og kontinuerlig prosess.

Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleiingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På www.gronnstat.no er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleiing. Verksemder med betydelege miljøutfordringar blir oppmoda til å innføre tredjepartssertifiserte miljøleiingssystem.

Verksemda sin årsrapport skal innehalde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

2.3.3 Likestilling - aktivitets- og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemder er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentleg forvaltningsorgan, jf. likestillingslova § 1.

Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innanfor dei ulike verksemdsområde med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen" samt angi allereie gjennomførte, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i årsrapporten og er samstundes eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av likestillingslova si § 1 i budsjettproposisjonen.

2.3.4 Staten som arbeidsgjevar og inkluderande arbeidsliv

DSS skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og bredde i

kompetansen. Verksemda skal òg utarbeide langsiktige planar for korleis dei tilsette sin kompetanse skal utviklast. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøyting av eldre arbeidstakarar. Det vert føresett at DSS set i verk nødvendige tiltak med sikte på å nå måla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv.

DSS skal ha konkrete mål for sjukefråversnivå eller reduksjon i sjukefråveret. Rutinar og aktive tiltak for oppfølging av sjukefråver skal syte for at måla vert nådde.

Vi ber verksemda i årsrapportane for 2007 og 2008 omtale planlagte og gjennomførte tiltak samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltal på IA-området (reducere sjukefråver, behalde og rekruttere personar med redusert funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen).

2.3.5 Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemdar i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007.

I årsrapporten for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

Definisjon mv.

Personar med innvandrarbakgrunn (som det skal rapporterast på) er definerte som personar:

- med to utanlandskfødde foreldre som er innvandra til Noreg
- som er fødde i Noreg med to foreldre som er fødde i utlandet

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) www.imdi.no gir råd og rettleiing til statlege verksemdar i arbeidet med å rekruttere fleire innvandrarar. Verksemdene kan ta kontakt med IMDi for råd og rettleiing i arbeidet, bl.a. for ferdig utarbeidd skjema for å kartleggje tal tilsette med innvandrarbakgrunn.

3. RAPPORTERING I 2008

3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2008

Det skal sendast inn årsrapport for 2008 slik ”Bestemmelsene om økonomistyring i staten”, punkt 1.5.1 krev. Frist for oversending av årsrapporten for 2008 er 15. februar 2009.

FAD ber om at det i årsrapporten for 2008 vert gjort greie for:

Om verksemda har nått mål og resultatkrav som er sett i

- St.prp. nr.1 (2007-2008), tildelingsbrevet for 2008, samt andre relevante dokument.
- Rekneskaps- og budsjetterrapport.

3.2 Rapportering gjennom året

Det skal sendast inn rapport for økonomistatus og resultat pr. tertial i 2008. Innholdet i rapportane er nærare omtalt nedanfor.

Fristar for tertialrapporteringa i 2008:

- Rapport pr. 1. tertial: frist 26. mai 2008
- Rapport pr. 2. tertial med eventuelt innspel til nysalderinga for 2008: frist 25. september 2008

Vi ber om at rapportane vert sende elektronisk og på papir.

3.2.1 Økonomirapporteringa

Det skal sendast inn tertialrapportar over budsjett, rekneskap og forventa bruk. Vi ber om at avvik over 5 % vert kommentert, og at nødvendige tiltak vert omtalte. Tiltak for å halde rammene skal setjast i verk utan særskild oppmoding.

Økonomirapporten skal på postnivå som eit minimum innehalde omtale av:

- Disponibel løyving (Tildelte middel og evt. overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. fullmaktene verksemda har
- Periodisert budsjett pr. tertial
- Rekneskap pr. tertial
- Forventa forbruk totalt i 2008
- Forventa meir-/mindreforbruk ved slutten av året

Det skal i tillegg lagast ei samla, oppdatert, framstilling av forventa resultat for året for alle poster (utgifter og inntekter) som er omfatta av meirinntektsfullmaktene.

Ved utrekning av forbruk/inntekt på kvar post bør føresetnader og usikre moment forklarast. Større avvik skal omtalast og forklarast.

3.2.2 Resultatkrav og andre føringar

Det skal rapporterast om verksemda har nått mål og resultatkrav som er sett i tildelingsbrevet. Dersom ein i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik i forhold til resultatmål og andre føringar, jf. pkt. 2.1-2.3 ovafor, skal det orienterast om dette i rapporteringa. Det skal òg orienterast om tiltak som vil verte gjennomført.

3.2.3 Rapportering til statsrekneskapen

Løpande rapportering til statsrekneskapen skal oppfylle krava i rundskriv (R8/2007) frå Finansdepartementet.

3.3 Styringsdialogen i 2008

FAD legg vekt på å utvikle styringsdialogen mellom leiinga i DSS og departementet. Det er planlagt tre styringsmøte med etaten i løpet av 2008.

Møtetidspunkt for etatsstyringsmøte:

- Fyrste møtetidspunkt: 26. mars. På møtet vert m.a. årsrapporten for 2007 drøfta
- Andre møtetidspunkt: 20. juni. På møtet vert m..a. 1. tertialrapport drøfta
- Tredje møtetidspunkt: 23. oktober. På møtet vert m.a. 2. tertialrapport drøfta

Tema knytt til strategi og budsjettarbeid vert òg tekne opp på etatsstyringsmøta.

4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i DSS i 2008 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 21. april 2006.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten samt føringar gitt i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla 1522 og 4522 stilt til disposisjon for DSS.

Med helsing

Heidi Grande Røys

Statsråd

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2008
2. Økonomistyringskalender 2008

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen og Brukarrådet for DSS